



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Kommunestyresalen, Rådhuset
Dato:	12.05.2026
Tid:	kl 13.45 - 18.25

Desse møtte	Representerer	Funksjon
Dag Vaagen	H	ordfører
Einar Ekroll	FRP	varaordfører
Anne-Marte S. Beitveit	H	medlem
Inge-Jonny Hide	H	medlem
Wenche Bjørkeng	H	medlem
Sindre Slettestøl	H	medlem
Kristoffer Værnes	H	medlem
Clarence Magnus Lillestøl	H	medlem
Harald Gjerde Riise	H	medlem
Unny Iren Haugen	AP	medlem
Toril Urkedal	AP	medlem
Sara Fugledal Wiik	AP	medlem
Olav Myklebust	SP	medlem
Liv Sæther Myskja	SP	medlem
Magnus Hjelle	SP	medlem
Petter Gunnarstein	FRP	medlem
Kjartan Bleie	FRP	medlem

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Camilla Auflem Vik	AP	Marthe Longva Strandbakken	AP
Geir Torsvik	AP	Anne Lise Johansen	AP
Bjørn Thore Hansen	H	Frode Bringsvor	H
Mathias B. Gjerde	SP	Hans-Petter Hjelle	SP

Røysteføre: 21

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:

Renathe Rossi Aglen, kommunedirektør

Tove Cathrine Kvamme, fagleiar politisk sekretariat

Jørn Velle Moldskred, kommunalsjef helse og omsorg

Lilly-Arlen Kvalsund, kommunalsjef oppvekst og kultur

Inga Dalen Slettestøl, økonomileiar

Helge Kleppe, sivilingeniør teknisk og landbruk

Kjell Hauge, ingeniør teknisk og landbruk

Halldis Moltu, revisor

Gruppemøte: 16.25 - 16.35

Pause: 16.40 - 16.50

Møtet slutt kl 18.25

Til å lese igjennom møteprotokollen før vedtaksutsending vart Inge-Jonny Hide og Toril Urkedal valde.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 38/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/3014
PS 39/26	Godkjenning av protokoll	26/3014
PS 40/26	Open talarstol	26/3014
PS 41/26	Interpellasjonar	26/3014
PS 42/26	Grunngjevne spørsmål	26/3014
PS 43/26	Orienteringar	26/3014
PS 44/26	Referatsaker	26/3014
PS 45/26	Endring av namnet på kommunalt fellesråd	26/940
PS 46/26	Mellombels endra maksimaltid for skjenking av alkohol i varegruppe 1 og 2 under fotball-VM 2026	26/89
PS 47/26	Rem-Servering AS - Tildeling av serveringsløyve for kantinedrift	26/512
PS 48/26	Framtidig organisering av oppvekststruktur i Sande kommune	26/403
PS 49/26	Gjerdsvika VB - Reservevassleidning til Sædalsvatnet	24/441
	Unnateke offentlegheita	
PS 50/26	Larsnes Fiskerikai-Oppstart	26/140
PS 51/26	Sande kommune – rute 1066, frekvens og kapasitet	26/3004
PS 52/26	Godkjenning av årsrapport og årsrekneskap 2025 i Sande kommune	26/2962
PS 53/26	Skal Sande kommune nytte prioriteringsrettleiaren?	25/879
PS 54/26	Tenesteskildring for helse og omsorg i Sande kommune	25/879

Larsnes, 12.05.2026

Dag Vaagen
ordfører

PS 38/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste godkjent utan merknad

PS 39/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjent utan merknad.

PS 40/26 Open talarstol

PS 41/26 Interpellasjonar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Interpellasjon frå Sande Arbeidarparti: bemanning, kvalitet og konsekvensar av omstillingane i eldreomsorga
02/26	Svar på interpellasjon om bemanning, kvalitet og konsekvensar av omstillingane i eldreomsorga

PS 42/26 Grunngjevne spørsmål

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
02/26	Grunngjevne spørsmål frå Kjartan Bleie, Frp

Vedtak:

Kommunalsjef Lilly-Arlen Kvalsund og ingeniør Kjell Hauge ga ei oppsummering av svara.

Spørsmål og svar vert lagt ved protokollen som vedlegg.

Protokollførsel frå Kjartan Bleie, Frp:

Spørsmål og svar skal følge protokollen.

PS 43/26 Orienteringar

Ingen orienteringar vart gitt.

PS 44/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
14/26	Møteprotokoll - Sande kontrollutval - 23.04.2026
15/26	Møtereferat tverrkommunal styringsgruppe 3K
16/26	Nytt vedtak - val av medlemmer - Forliksråd - Herøy, Sande og Vanylven - 2025 - 2028
17/26	Protokoll fra representantskapsmøte 17.04.2026
18/26	Søknad om skjønnsmidler til prosjektleiing, utgreiing kommunesamanslåing Herøy, Sande og Ulstein
19/26	Svar på søknad om skjønnsmidler til prosjektleiing

Vedtak:

Referatsaker vart samrøystes tekne til vitande.

PS 45/26 Endring av namnet på kommunalt fellesråd

Vedtak:

Kommunestyret vedtek at kommunalt fellesråd får endra namnet på rådet til rådet for eldre og personar med funksjonsvariasjonar.

Behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 05.05.2026 - 60/26

Formannskapet tilrår :

Kommunestyret vedtek at kommunalt fellesråd får endra namnet på rådet til rådet for eldre og personar med funksjonsvariasjonar.

PS 46/26 Mellombels endra maksimaltid for skjenking av alkohol i varegruppe 1 og 2 under fotball-VM 2026

Vedtak:

Sande kommunestyre gir dispensasjon frå reglane i Alkoholpolitisk handlingsplan for 2024 - 2028, og vedtek mellombels endra maksimaltid for skjenking av alkoholhaldig drikk inntil kl 06.00, med tilsvarande opningstider, i heile perioda fotball-VM for herrar 2026 varer, 11. juni til 19. juli 2026.

Dispensasjonen gjeld for alle dagar det vert sendt fotballkampar frå VM.

1. Endra maksimaltid gjeld berre for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2.
2. Endra maksimaltid gjeld berre for skjenkestadar som viser direktesende kampar i fotball-VM 2026 innandørs for staden sine gjestar.
3. Endra maksimaltid er ikkje generell for alle skjenkestadane i kommunen, og skjenkestadar som ønskjer endra maksimaltid og opningstid må søke om dette. Kommunedirektøren vert gitt mynde til å avgjere desse søknadane.

Heimel: Alkohollova § 4-4 nytt niande ledd, og kommunen sin alkoholpolitiske handlingsplan.

Behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 05.05.2026 - 58/26

Formannskapet tilrår:

Sande kommunestyre gir dispensasjon frå reglane i Alkoholpolitisk handlingsplan for 2024 - 2028, og vedtek mellombels endra maksimaltid for skjenking av alkoholhaldig drikk inntil kl 06.00, med tilsvarande opningstider, i heile perioda fotball-VM for herrar 2026 varer, 11. juni til 19. juli 2026.

Dispensasjonen gjeld for alle dagar det vert sendt fotballkampar frå VM.

1. Endra maksimaltid gjeld berre for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2.
2. Endra maksimaltid gjeld berre for skjenkestadar som viser direktesende kampar i fotball-VM 2026 innandørs for staden sine gjestar.
3. Endra maksimaltid er ikkje generell for alle skjenkestadane i kommunen, og skjenkestadar som ønskjer endra maksimaltid og opningstid må søke om dette. Kommunedirektøren vert gitt mynde til å avgjere desse søknadane.

Heimel: Alkohollova § 4-4 nytt niande ledd, og kommunen sin alkoholpolitiske handlingsplan.

PS 47/26 Rem-Servering AS - Tildeling av serveringsløyve for kantinedrift

Vedtak:

Sande kommunestyre gjev Rem-Servering AS, org.nr 935 010 454, serveringsløyve for kantinedrift på gnr 18 bnr 75, Myklebust 259 i Gursken.

Styrar og løyvehavar er Sebastian Moltu, f. 12.06.1992

Opningstid er godkjent kl 07.30 - 16.00.

Behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 05.05.2026 - 59/26

Formannskapet tilrår:

Sande kommunestyre gjev Rem-Servering AS, org.nr 935 010 454, serveringsløyve for kantinedrift på gnr 18 bnr 75, Myklebust 259 i Gursken.

Styrar og løyvehavar er Sebastian Moltu, f. 12.06.1992

Opningstid er godkjent kl 07.30 - 16.00.

PS 48/26 Framtidig organisering av oppvekststruktur i Sande kommune

Vedtak:

1. Skulestruktur

- Gursken skule (1.-7. trinn) Larsnes skule (1.-7. trinn) vert slått saman til ny felles barneskule i Gursken, frå og med januar 2027.
- Kvamsøy skule (8.-10. trinn) blir flytta til ny felles ungdomsskule i Gursken (8.-10 trinn), frå og med januar 2027.
- Kvamsøy skule (1.-7. trinn) held fram i noverande lokale, men blir organisert under felles leing og administrasjon med ny samanslått skule i Gursken.

2. Barnehagestruktur

Barnehagestrukturen vert uendra, men kommunedirektøren vil innanfor arbeidsgivar sin styringsrett vurdere ny administrativ organisering av tenesta.

3. Kulturutvikling

- Kulturskulen blir flytta til Larsnes skule. Lokala i Gursken kan framleis nyttast til musikk- og aktivitetsrom for SFO.
- Kommunen skal, i samarbeid med frivilligsentralen, lag og organisasjonar og flyktingtenesta, vurdere om tidlegare Larsnes skule kan utviklast til ein aktivitetsbase for kultur, ungdom, frivilligheit og idrett.
- Ei eventuell flytting av biblioteket blir utsett, i påvente av ei breiare vurdering av framtidsretta biblioteksdrift, inkludert:
 - interkommunalt samarbeid
 - «Meiråpent»-løysing med beteningsfri opningstid
 - framtidig lokalisering

4. Budsjett og økonomiplan legg til grunn ei innsparing på 2,5 millionar kroner knytt til oppvekststrukturen i 2026. Ei utsetjing av endringane til januar 2027 inneber at innsparingskravet må realiserast i skulen gjennom redusert bemanning frå hausten 2026.

5. Kommunedirektøren får mynde til å legge korrigerert forskrift om skulekrinsgrenser på høyring, i tråd med kommunestyret sitt vedtak.

6. Når Gursken oppvekstsenter skal byggast ut som framtidig 1-10-skule for heile Sande, inneber dette gode og nødvendige investeringar - og prioriteringar av drift og vedlikehald - for å betre standarden på skulebygga i eit langtidsperspektiv; jf saksutgreiinga, synfaringa og rapporten frå Telemarksforskning.

7. I utbyggingsfasen må ein sikre arbeidstilhøva både for elevane og dei tilsette - slik at utbygginga ikkje går ut over arbeids- og læringsmiljøet.

Protokolltillegg frå Kjartan Bleie:

Grunngjevne spørsmål og svar frå tidlegare i møtet, sak 42/26 skal følgje protokollen i saka vidare.

Kjartan Bleie sitt protokolltillegg vart samrøystes vedteke.

Behandling:

0-alternativ for skulestrukturen i Sande kommune, foreslått av Kjartan Bleie, Framstegspartiet

Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å vidareføre 0-alternativet for skulestrukturen i Sande kommune. Dette inneber at eksisterande skulestruktur vert oppretthalden utan ytterlegare strukturendringar til skuleåret 2027-28.
2. Innsparingane kommunen har vedteke blir realisert gjennom nedbemanning innan noverande struktur.

Grunngjeving

Kommunedirektøren peikar fleire stadar i saksframlegget på at prosessen har vore prega av høgt tidspress. Dette vert også understøtta av høyringssvara, der fleire aktørar gjev uttrykk for at framdrifta har vore for rask. Dette kjem til syne i eit saksgrunnlag som framstår uoversiktleg, og på enkelte punkt mangelfullt eller inkonsekvent .

Kommunen har i budsjettet og økonomiplanen vedteke ei årleg innsparing på 5 millionar kroner, der 2,5 millionar skal realiserast allereie frå hausten 2026. Kommunedirektøren presiserer at innsparinga hausten 2026 kan gjennomførast innanfor 0-alternativet gjennom redusert bemanning (punkt 4 i kommunedirektøren sitt saksframlegg). Dersom dette vert vurdert som fagleg og administrativt forsvarleg for perioden august-januar, må tilsvarende føresetnadar også kunne gjelde for perioden januar-juni. Dette underbyggjer at det ligg eit reelt og konkret innsparingspotensial i 0-alternativet innanfor gjeldande struktur. Kommunedirektøren si tilråding føreset ein reduksjon på 7 årsverk, medan 0-alternativet føreset ein reduksjon på 5,5 årsverk.

Det ligg samstundes til grunn i saksframlegget at tilrådd alternativ gjev ei årleg innsparing på om lag 1,1 millionar kroner fordi reduksjonen på 7 årsverk vert redusert med auka kapitalkostnader 3 mill, skyss 1,6 mill og redusert grunnskuletilskot på 0,6 mill. Kommunedirektøren si eiga framstilling viser dermed eit vesentleg høgare innsparingspotensial innanfor 0-alternativet. Kommunestyret vurderer det ikkje som forsvarleg å velje eit alternativ med lågare innsparingsnivå når eit betre økonomisk alternativ ligg føre innanfor eksisterande struktur.

Skulestruktur er eit langsiktig grep med store konsekvensar. På denne bakgrunnen meiner kommunestyret at det er nødvendig å sikre betre kvalitet i kunnskapsgrunnlaget før eventuelle større strukturendringar vert vedtekne. 0-alternativet vert difor valt som ei mellombels løysing til saka er forsvarleg utgreia.

Tilleggsframlegg til tilrådinga frå Formannskapet, foreslått av Olav Myklebust, Senterpartiet

Nytt punkt 6:

Når Gursken oppvekstsenter skal byggast ut som framtidig 1-10-skule for heile Sande, inneber dette gode og nødvendige investeringar - og prioriteringar av drift og vedlikehald - for å betre standarden på skulebygga i eit langtidsperspektiv; jf saksutgreiinga, synfaringa og rapporten frå Telemarksforskning.

Nytt punkt 7:

I utbyggingsfasen må ein sikre arbeidstilhøva både for elevane og dei tilsette - slik at utbygginga ikkje går ut over arbeids- og læringsmiljøet.

Kommunalsjef Lilly-Arlen Kvalsund og ingeniør Kjell Hauge orienterte om saka.

RØYSTING:

Framlegget frå Kjartan Bleie, Frp fekk 6 røyster og fall (Frp: Bleie, Ekroll - Sp: M. Hjelle, H.P.Hjelle - Ap: Urkedal, Haugen)

Tilrådinga frå formannskapet, med tillegg av framlegget sett fram av Olav Myklebust, Sp fekk 15 røyster, og vart vedteke (H, Ap: Wiik, Strandbakken, Johansen, Sp: Myklebust, Myskja, Frp: Gunnarstein).

Formannskapetstilrådinga - 05.05.2026 - 55/26

1. Skulestruktur

- Gursken skule (1.-7. trinn) Larsnes skule (1.-7. trinn) vert slått saman til ny felles barneskule i Gursken, frå og med januar 2027.
- Kvamsøy skule (8.-10. trinn) blir flytta til ny felles ungdomsskule i Gursken (8.-10 trinn), frå og med januar 2027.
- Kvamsøy skule (1.-7. trinn) held fram i noverande lokale, men blir organisert under felles leing og administrasjon med ny samanslått skule i Gursken.

2. Barnehagestruktur

Barnehagestrukturen vert uendra, men kommunedirektøren vil innanfor arbeidsgivar sin styringsrett vurdere ny administrativ organisering av tenesta.

3. Kulturutvikling

- Kulturskulen blir flytta til Larsnes skule. Lokala i Gursken kan framleis nyttast til musikk- og aktivitetsrom for SFO.
- Kommunen skal, i samarbeid med frivilligsentralen, lag og organisasjonar og flyktningenesta, vurdere om tidlegare Larsnes skule kan utviklast til ein aktivitetsbase for kultur, ungdom, frivilligheit og idrett.
- Ei eventuell flytting av biblioteket blir utsett, i påvente av ei breiare vurdering av framtidsretta biblioteksdrift, inkludert:
 - interkommunalt samarbeid
 - «Meiråpent»-løysing med beteningsfri opningstid
 - framtidig lokalisering

4. Budsjett og økonomiplan legg til grunn ei innsparing på 2,5 millionar kroner knytt til oppvekststrukturen i 2026. Ei utsetjing av endringane til januar 2027 inneber at innsparingskravet må realiserast i skulen gjennom redusert bemanning frå hausten 2026.

5. Kommunedirektøren får mynde til å legge korrigert forskrift om skulekrinsgrenser på høyring, i tråd med kommunestyret sitt vedtak.

PS 49/26 Gjerdsvika VB - Reservevassleidning til Sædalsvatnet

Unnateke offentlegheit, OffL § 21

Vedtak:

1. Sande kommune startar bygginga av eit nytt reservevassanlegg for Gjerdsvika vassbehandlingsanlegg. Alternativ A – pumpeanlegg i Sædalsvatnet – er valt som vassløyising.
2. Prosjektet har ein kostnad på 4,4 millionar kroner og skal finansierast gjennom investeringsprosjektet *Oppgradering av vassleidningsnettet (vassplanen)* i 2026 og 2027. Finansieringa skjer innanfor sjølvkostområdet vatn i Sande kommune.

Behandling:

Møtet vart lukka under handsaming av saka med heimel i offentleglova § 21.

Sivilingeniør Helge Kleppe orienterte om saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 05.05.2026 - 53/26

Formannskapet tilrår:

1. Sande kommune startar bygginga av eit nytt reservevassanlegg for Gjerdsvika vassbehandlingsanlegg. Alternativ A – pumpeanlegg i Sædalsvatnet – er valt som vassløyising.
2. Prosjektet har ein kostnad på 4,4 millionar kroner og skal finansierast gjennom investeringsprosjektet *Oppgradering av vassleidningsnettet (vassplanen)* i 2026 og 2027. Finansieringa skjer innanfor sjølvkostområdet vatn i Sande kommune.

PS 50/26 Larsnes Fiskerikai-Oppstart

Vedtak:

Formannskapet tilrår:

1. Sande kommune startar opp og ferdigstiller prosjekt Larsnes fiskerikai i 2026.
2. Prosjektet skal finansierast innanfor avsett ramme i godkjent investeringsbudsjett for 2026, prosjekt "Kai og brygge Liv", og slik det elles går fram av saksutgreiinga knytt til rebudsjettering.
3. Hvis prosjektet overstiger total kostnader på kr. 13,5 millioner så stopper prosjektet.

Behandling:

Tillegg til formannskapet si tilråding, foreslått av Petter Gunnarstein, Framstegspartiet

Hvis prosjektet overstiger total kostnader på kr. 13,5 millioner så stopper prosjektet.

Anne-Marte S Beitveit tok opp NTM-utvalet si tilråding, som vart i mindretal i formannskapet:

Sande kommune startar ikkje opp prosjekt Larsnes fiskerikai i 2026.

RØYSTING:

Formannskapetstilrådinga, med tillegg sett fram av Petter Gunnarstein, fekk 12 røyster og vart vedteke (Ap, Sp, Frp).

Framlegget sett fram av Anne-Marte S. Beitveit fekk 9 røyster og fall (H).

Formannskapet si tilråding - 05.05.2026 - 54/26

1. Sande kommune startar opp og ferdigstiller prosjekt Larsnes fiskerikai i 2026.
2. Prosjektet skal finansierast innanfor avsett ramme i godkjent investeringsbudsjett for 2026, prosjekt "Kai og brygge Liv", og slik det elles går fram av saksutgreiinga knytt til rebudsjettering.

Olav Myklebust fekk permisjon og forlet møtet. 20 røysteføre.

PS 51/26 Sande kommune – rute 1066, frekvens og kapasitet

Vedtak:

Sande kommunestyre ber om at fylkeskommunen utgreiar mulegheitene for to ferjer i rute 1066 med oppstart i 2027.

Behandling:

Formannskapstilrådinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 05.05.2026 - 61/26

Formannskapet tilrår:

Sande kommunestyre ber om at fylkeskommunen utgreiar mulegheitene for to ferjer i rute 1066 med oppstart i 2027.

PS 52/26 Godkjenning av årsrapport og årsrekneskap 2025 i Sande kommune

Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner årsrekneskap 2025 slik det ligg føre.
2. Kommunestyret godkjenner årsrapport 2025 slik den ligg føre.
3. Tiltaksliste for inndekking av meirforbruket vert lagt fram og handsama i junimøte.

Behandling:

Økonomileiar Inga Dalen Slettestøl orienterte.

Formannskapstilrådinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 05.05.2026 - 52/26

Formannskapet tilrår:

1. Kommunestyret godkjenner årsrekneskap 2025 slik det ligg føre.
2. Kommunestyret godkjenner årsrapport 2025 slik den ligg føre.
3. Tiltaksliste for inndekking av meirforbruket vert lagt fram og handsama i junimøte.

PS 53/26 Skal Sande kommune nytte prioriteringsrettleiaren?

Vedtak:

1. Sande kommunestyre vedtek å ta i bruk den nasjonale rettleiaren «Prioriteringar i kommunale helse- og omsorgstenester» (Helsedirektoratet, april 2025) som grunnlag for prioriteringsarbeidet i kommunen sine helse- og omsorgstenester.
2. Kommunedirektøren får i oppdrag å innarbeide dei tre prioriteringskriteria – nytte, ressurs og alvorlegheit – i sakshandsaming, vedtaksarbeid og plan- og budsjettprosessar i helse- og omsorgstenesta, og legg fram ei statusorientering om implementeringsarbeidet i samband med budsjetthandsaminga for 2027.

Behandling:

Formannskapetstilrådinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 05.05.2026 - 56/26

Formannskapet tilrår:

1. Sande kommunestyre vedtek å ta i bruk den nasjonale rettleiaren «Prioriteringar i kommunale helse- og omsorgstenester» (Helsedirektoratet, april 2025) som grunnlag for prioriteringsarbeidet i kommunen sine helse- og omsorgstenester.
2. Kommunedirektøren får i oppdrag å innarbeide dei tre prioriteringskriteria – nytte, ressurs og alvorlegheit – i sakshandsaming, vedtaksarbeid og plan- og budsjettprosessar i helse- og omsorgstenesta, og legg fram ei statusorientering om implementeringsarbeidet i samband med budsjetthandsaminga for 2027.

PS 54/26 Tenesteskildring for helse og omsorg i Sande kommune

Vedtak:

Kommunestyret vedtek tenesteskildring for helse- og omsorgstenestene i Sande kommune, datert 2025. Tenesteskildringa gjeld frå vedtaksdato og vert revidert ved behov, minimum kvart andre år. Revisjonsansvaret ligg hos kommunalsjef for helse og omsorg.

Behandling:

Formannskapetstilrådinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 05.05.2026 - 57/26

Formannskapet tilrår:

Kommunestyret vedtek tenesteskildring for helse- og omsorgstenestene i Sande kommune, datert 2025. Tenesteskildringa gjeld frå vedtaksdato og vert revidert ved behov, minimum kvart andre år. Revisjonsansvaret ligg hos kommunalsjef for helse og omsorg.

Møtet slutt kl 18.25